


Infoskriv 17.08.17

1. og 2. klasse.

Velkommen til nytt skuleår ☺

Ferien er over, og den gode kvardagen er komen. Vonar de alle har hatt ein fin sumar, sjølv om sola ikkje skein heile tida ;). Eg har vore så heldig å framleis få ha 1. og 2. klasse, og gler meg til å møta både elevar og foreldre.



Her kjem litt praktisk informasjon:

(De vil og få informasjon hjå ho Torunn etter kvart, og elles kjem det foreldremøte om ikkje altfor lenge).

- **Uteskule:** Ta med høvande kle og sko. Det er ikkje kjekt å vera våt og kald ute. Me går alltid ut, uansett ver. De kan ha regnkle /støvlar ståande på skulen. Då har elevane kle til dårleg ver i friminutta og. Obs! Uteskule om onsdagane i år.
- **Bytekle :** Elevane har ein kasse på skulen, der dei kan leggja bytekle i.
- **Lekser:** Viktig at foreldra øver med elevane, det er kjekt for både elevar og foreldre. Gjer **kun** dei sidene som står i vekeplanen, elles vert det rot i systemet. Me kan avtala meir / mindre lekser etter kvart.
- **Den gule permen** er til informasjon frå skulen og skal liggja i sekken. Der finn de vekeplanar og informasjon. Dersom de ynskjer å senda ei melding, kan de leggja meldeboka fremst i plastlomma i den, så ser me meldinga om morgonen.
- **Meldeboka** må de og skriva i dersom eleven har vore sjuk, eller om han/ho skal ha ein kortare permisjon.
- **Fråver:** Dersom eleven er sjuk ein dag, må de ringja skulen same morgon og gje beskjed.
- **Vekeplanen** kjem annakvar måndag. Den inneheld **lekser og informasjon** om ting som skjer i perioden.
- **2. klasse** må ta bokbind på Kaleido Lesebok.

Ha ein fin sommar vidare, ta kontakt dersom de lurar på noko.

Helsing Liv